



Karmøybuarane fann seg vel til rette i Haugland gamle skule sjølv om pultane var harde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Er også Uskedalen i ferd med å komma skikkeleg på turistkartet? Det hendte i det minste noko historisk i så måte i førre veke og det held fram denne veka: For første gong blir det gjennomført eit organisert busstur-opplegg med vår bygd som reisemål. Eit godt samspel mellom Handeland Gard og kultursjef/prosjektleiar for utviklingsprosjektet Kristian Bringedal ligg til grunn.**

Det er Thermo Natur i Spydeberg i Østfold som står bak. "Ullturer" er eit velkjend begrep og mange har vore med på slike ferder gjennom åra.

Arrangøren fristar med ull- og urteproduktar og middagsservering og så kjem ei natur- og kulturhistorisk oppleving i tillegg.

Selskapet er heile tida på jakt etter nye reisemål. Denne gongen falt valet på Uskedalen – og ikkje Rosendal som tidlegare!

Det er omkring 150 deltakarar i tilsaman seks bussturer desse to vekene og deltakarane kommer frå mange kantar av Hordaland og Rogaland. Då **uskedalen.no** var med, fylte 30 frå Karmøy bussen og i Uskedalen møtte dei kultursjefen sjølv som spenstig guide.

Ikkje minst opplevde dei eit høgdepunkt i Haugland gamle skule, der Bringedal synta at han ikkje har glømt si tidlegare rolle som skulemeister. Elevane satt som tende ljøs og lærte mykje om skulestellet i tidlegare tider både i landet og i Uskedalen. Dessuten fell dei for hans vakre song til eige akkompagnement på det høgst museale men likevel velklingande orgelet.

Fleire hadde sjølv gått på ein slik todelt skule og kjende seg på ein måte att.

Ferda gjekk fram til Friheim, der karmøybuarane lot seg bergta av den massive Nåso-veggen. Og dei forundra seg då Bringedal kunne fortelja at gardane Fjellandsbø og Friheim før høyrde til Skånevik kommune, med dei komplikasjonar det innebar.

Bringedal fortalde og om dei spanande planane om utvikling av gardsturisme på desse gardene på toppen av Uskedalen.



Kultursjef Kristian Bringedal var ein fengjande guide under ferda gjennom dalen og her syng han "Fager kveldssol smiler" i skulemuseet som står han så nær. (Foto: Ola Matti Mathisen)